



Sande Kommune  
Rønnebergplassen 17  
6084 Larsnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 24/7795 - 24/36606	Vår saksbehandlar: Margreta Pilskog -	Dato: 19.03.2024
-------------	--------------	-----------------------------	---------------------------------------	------------------

## Høyring rutetabellar 1066 Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøya i 2024

I samband med arbeid på ferjekaiene i rute 1066 Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøya vil det i 2024 vere behov for å ha fleire ulike rutetabellar for rute 1066 gjennom året. Før iverksetting ønskjer vi kommunane sine synspunkt.

Vi ber om tilbakemelding på følgjande ruteforslag:

- April: Ruteplanen vil ta utgangspunkt i B-ferjetabellen frå 2022 og 2023 mellom Larsnes og Voksa, grunna kaibygging på Kvamsøya og Åram. Arbeidet er planlagt utifrå gjeldande rutetabell med A-ferja. Mykje av arbeidet som skal utførast, må ta pause i samband med ferjeanløpa. Auke i tal anløp vil forsinke byggearbeidet. FRAM/Møre og Romsdal fylkeskommune vil undersøke om det er mogleg å anløpe Kvamsøya på dagar/klokkeslett som ikkje kjem i konflikt med kaibygginga. Avgangar markert med raud bakgrunn i vedlegg «Rutetabell ferje april», er i utgangspunktet ikkje planlagt. FRAM vil kome tilbake med nærmare informasjon om det blir mogleg å gjennomføre nokre av desse anløpa.
- I perioden 1. mai–19. mai vil det går føre seg kaibygging både på Kvamsøya og Åram. I same periode må MF Kvam gå i rute 1067 Årvika–Koparneset fordi MF Sand skal på verkstad for årleg klassing. Derfor er det berre planlagd med A-ferje i rute 1066 (gjeldande rutetabell med A-ferja) 1. mai–19. mai.
- 21. mai–30. juni vil Åram ferjekai vere stengt: A-ferja vil då kunne gå 14 rundturar i sambandet. B-ferja blir ikkje sett inn i denne perioden. Sjå vedlegg: «Rutetabell ferje når Åram er stengt»
- 1. juli–19. august vil alle kaiene i sambandet vere opne, og det er planlagt A- og B-ferje, med tilnærma lik rutetabell som i 2022 og i 2023, med unntak av at i forslaget er B-ferja flytta frå laurdag til søndag, på grunn av trafikkmengd. Sjå vedlegg: «Sumartabell alle ferjekaier opne»

- 20. august–30. november vil Larsnes ferjekai vere stengt:  
Ferje: Planlagt rute er Kvamsøya-Voksa-Åram (avkøyning)- Årvika-Åram (berre påkøyning)-Voksa-Kvamsøya. A-ferje alle dagar og B-ferje søndag-fredag. Sjå vedlegg: «Rutetabell ferje når Larsnes er stengt»

Samfunnsbåt: Det vil bli sett opp rute til/frå Larsnes. I forslaget er dei viktigaste busskorespondansane på Larsnes prioritert. På grunn av reglar for kviletid og beredskap for mannskap på samfunnsbåten, er det 6 timar aktiv arbeidstid vi har tilgjengeleg for oppkjøp av ekstraturar, om ein skal ha pausar må det vere 2 timar samanhengande, for at det skal telle som kviletid. Vi ber om at innspela særleg prioriterer kva tidspunkt som er viktigast med samfunnsbåt basert på desse rammene. Sjå vedlegg: «Samfunnsbåt når Larsnes er stengt»

Alle datoar over er basert på ferjekaiprosjektet sine planar for framdrift, forskyving i datoar kan førekomme.

Svarfrist på høyringa er 22. mars for rutetabell som skal gjelde i april, og 4. april for dei andre rutetabellane.

For alle alternativa der det er planlagt B-ferje i sambandet ber FRAM spesifikt om tilbakemelding på om det er viktigast med B-ferje laurdag eller søndag.

Vi ber alle høyringspartar sende svar til kommunane, og ber kommunane om å samle inn svar frå grendalag, næringslag, bygdelag, idrettslag og andre.

Svar sendast til [margreta.pilskog@mr fylke.no](mailto:margreta.pilskog@mr fylke.no) eller til [post@mr fylke.no](mailto:post@mr fylke.no). Svara skal merkast «Høyring rute 1066 – saksnr 24/7795»

Med helsing

Hilde Johanne Svendsen  
konst. seksjonsleiar

Margreta Pilskog  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:  
Oddbjørn Indregård, Sande  
kommune

Vedlegg:  
Rutetabell ferje april  
Rutetabell ferje når Åram er stengt  
Sumartabell alle ferjekaier opne

Vedlegg:

Rutetabell ferje når Larsnes er stengt

Samfunnsbåt når Larsnes er stengt

Mottakere:

Vanylven Kommune